VEDLEGG.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-614, TI-&46	18/23

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/2019	Kommunestyret	PS	13.06.2019

Brannstasjon på Mo

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å arbeide vidare med å oppgradere eksisterande brannstasjon på Mo (Alternativ 1).
Prosjektet er avhengig nytt politisk vedtak før inngåing av kontrakt med totalentreprenør, etter at anbodskonkurranse er gjennomført.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Brannstasjonen på Mo er ikkje tilfredsstillande og må derfor utbetrast iht. dagens krav og standard.

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemdene overheld arbeidsmiljølova. Verksemder som er underlagt arbeidsmiljølova, har når Arbeidsmiljølova krev det, plikt til å sende inn opplysningar, jf. arbeidsmiljølova § 18 – 5. I perioden 2016 -2017 hadde Arbeidstilsynet eit postalt tilsyn innanfor førebygging av eksponering for brannrøyk og støv.Tilsynet avdekka mange lovbrot, og som resultat påla Arbeidstilsynet Modalen kommune å utbetre eksisterande brannstasjon slik at lokala vert tilfredsstillande.

Fakta:
- Brannfolk er eksponert for giftige og kreftframkallande kjemikalier som er i brannrøyken.
- Brannfolk er betydeleg meir utsett for å utvikle ei rekke kreftsjukdommar.
- Brannfolk har også høgare førekomst av luftvegslidningar.
- Feiarar har høgare førekomst av lungekreft og hudkreft.

Arbeidsgjevar sitt ansvar:
- Fysisk tilrettelegging - eit døme på det er brannstasjon og bilar med «rein og skitten sone»
- Rett utstyr
- Opplæring og informasjon

- Rutinar /prosedyrar
- Haldningar

Stasjonsoppbygging – krav:
Forskriftskrav om rein og urein sone i arbeidsplassforskrifta § 3 – 6.

Krav frå Arbeidstilsynet:
- Arbeidsgjevar må leggje til rette for at tilsette har tilstrekkeleg vern frå alarmen går, til arbeidet er avslutta og dei forlet brannstasjonen.
- Det må vere tilrettelagt for vask av utstyr og personeleg verneutstyr som benyttast på brannstaden.
- Brannstasjonen må ha vaskemaskin, for å unngå at brannfolk og feiarar må ta med arbeidstøy heim til vask.
- Ventilering og vognhall og øvrige rom.
- Det er viktig å leggje til rette for skilnad mellom det som er reint og det som er forureina.

Arbeidstilsynet har blant anna peika på i høve Modalen kommune:
Arbeidstilsynet har fått opplysningar og stadfesting på at Modalen kommune framleis skal vera eigar, og forpliktar seg å gjennomføre utbetring og oppgradering av brannstasjonen på Mo. Modalen kommune inngår leigeavtale med NHBR. I avtalen skal Modalen kommune ta kostnadane med utbetring.

Modalen kommune er med i samarbeidet Nordhordland brann og redning(NHBR). I Modalen er det plassert lokalstasjon på Mo og eit deponi på Øvre-Helland. I samarbeidsavtalen har Modalen kommune forplikta seg til å gjennomføre ei oppgradering av brannstasjonen på Mo. Brannstasjonen skal vera i Modalen kommune si eige, men vil verte leigd ut til NHBR. Modalen kommune har derfor ansvar for planlegging og utbetring. Tiltak som går på rutinar, opplæring og vask av klær vart ivaretatt i dag.

Vurdering

I økonomiplanen 2018 - 2021 vart det i investeringsbudsjettet satt av kr 400 000,- for å starte arbeidet. Forbruk kr 81 660,-. For 2019 - 2022 vart det i investeringsbudsjettet satt av kr 500 000,- for å forsette arbeidet. Forbruk fram til no kr 39 160,-.Hausten 2018 vart det utlyst ein anbodskonkurranse for å skaffe prosjektleiar og arkiteksbistand. Det mest fordelaktige tilbodet hadde Forum Arkitekter AS, og dei vart etablert i prosjektet.
Arbeidet utførast i tett samarbeid med NHBR der brannmannskapa er representert via verneombod. Arbeidstilsynet vert kontakta for avklaring, at planløysingar er i samsvar med arbeidsmiljølova sine krav. Verneombod/tillitsvalde vil delta i planprosessen.
Skisseprosjekt (sjå vedlegg 2) blei presentert i KS 007/2019 under orienteringssaker: Presentasjon av mogeleg oppgradering av brannstasjonen på Mo.
- Orientering ved brannsjef Karl Johannes Romarheim om grunnlag for oppgradering av brannstasjonen, jfr. krav frå Arbeidstilsynet.
- Forum Arkitekter AS synte fram skisse for mogeleg oppgradert brannstasjon og orienterte om ein kostnadskalkyle på kr 8 837 500,- inkl. mva.

Det har vore vurdert tre ulike alternativ til brannstasjon:

Alternativ 1. Oppgradering av eksisterande brannstasjon på Mo, Hall A:

- Lokale er stort nok (ca. 430 m2) til å oppfylle krava frå Arbeidstilsynet.
- Positivt at kommunen har bygningsmasse som kan oppgraderast og stundes kan brukast i

høve ny brannstasjon. Kommunen får og vedlikeholdt eksisterande bygg kontra nybygg.

- Byggetida vil bli noko kortare enn å bygge nytt bygg.
- Det er behov for vaskehall. Det er det ikkje plass til i Hall A, men kan løysast ved å etablere ein nøktern vaskeplass utanfor stasjonen.
- Enkel inn/utkjøring.
- Plasseringa ligg høveleg til på Mo.

Alternativ 2. Oppgradering av Hall C i industribygget:

- Lokale er større enn Hall A.
- Her er det plass til vaskehall.
- Dyrare alternativ enn Hall A, pga. storleik.
- Kommunen leigar i dag ut arealet til vinteropplag for bobilar og båtar, og vil miste noko inntekt om brannstasjonen vart flytta til Hall C.

Alternativ 3. Bygge helt ny brannstasjon på Mo.

- Bygge nytt bygg.
- Lett å tilfredstille nye krav.
- Lett å få plassert inn dei funksjonane det er behov for.
- Kommunen har ikkje i dag eit ferdig regulert tomteareal som kan brukast til å bygge ny brannstasjon.
- Byggeprosessen vil ta lengere tid.
- Prosjektet vil bli veldig kostnadskrevande.
- Kommunen aukar byggningsmassen sin som igjen vil føre til auka vedlikehaldskostnadar.

Vurderinga av dei tre alternativet peikar på at Alternativ 1. vil nok vere det rimlegaste alternativet. Forum arkitekter har utarbeida ei kostnadskalkyle i høve Alternativ 1. med ein sum på kr 8 837 500,- inkl. mva. Sjå vedlegg 1. Kostnadskalkyle
Det vil også vere kortare byggetid om ein velger Alternativ 1. Det er klart bygginga vil ha fordel av at ein bygger under eksisterande takkonstruksjon. Kontordelen må byggast som nybygg med gulv, yttervegger og tak. Kostnadane er vurdert ut ifrå tilsvarande bygg og størrelse/kompleksitet.

Følgjande framdriftsplan er lagt til grunn:

- Oppstartsmøte - gjennomført
- Programmering og skissefase - gjennomført
- Presentasjon av skisseprosjekt i kommunestyret - gjennomført
- Avklaring med brukarar og Modalen kommune - avhengig av politisk vedtak - står att
- Ferdigstilling av løysningar, kostnadskalkyle - gjennomført
- Søknad om rammeløyve - gjennomført
- Utarbeiding av tilbodsdokumentasjon for Mercell - står att
- Gjennomgang av dokumentasjon Modalen kommune - står att
- Utlysning på Mercell - står att
- Evaluering av innkomne tilbod - står att
- Godkjenning Modalen kommune - avhengig av politisk vedtak - står att
- Inngåing av kontrakt med totalentreprenør - står att
- Byggefase - står att
- Ferdigstilling - står att

Konklusjon
Etter rådmannen si vurdering vil ei oppradering av eksisterande brannstasjon på Mo, Alternativ 1. gje ei tenleg og framtidsretta løysing og vere det rimeligaste alternativet. Rådmannen vil tilrå at skisseprosjekt som no foreligg med ein kostnadskalkyle på kr. 8 837 500,- mill. inkl. mva. vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning etter at anbodskonkurranse er gjennomført.

Kommunestyret - 038/2019

KS - behandling:

Teknisk sjef Tone S Skuggevik orienterte og svara på spørsmål.
Sigmund Vikane: Anbodskonkurranse bør vere eit eige punkt i vedtaket. Føremål: ikkje bindande vedtak før pris er klarlagt. Adminstrasjonen får fullmakt til å omformulere vedtaket i tråd med Vikane sitt framlegg.
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek å arbeide vidare med å oppgradere eksisterande brannstasjon på Mo (Alternativ 1).

Kommunestyret bed administrasjonen gjennomføre anbodskonkurranse med forbehold om politisk godkjenning.
Saka vert lagt fram for nytt politisk vedtak før inngåing av kontrakt med totalentreprenør, etter at anbodskonkurransen er gjennomført.

Vedlegg:

Kalkyle 16.11.2018 vedlegg 1
Skisseprosjekt brannstasjon vedlegg 2

VEDLEGG (1)

FORUM ARKITEKTER

Modalen brannstasjon - 190m² kontorer/garderober, 240m² garasje

Anleggsdel	Tekst	Sum
Felles kostnader	Rigg og drift 10%	440 000
	Sum Felleskostnader	440 000
Bygning		
Kontor/garderober	Bygningsmessige arbeider, inkl. riving	2 375 000
Garasje	Bygningsmessige arbeider, inkl. riving	600 000
		-
	Sum Bygning	2 975 000
VVS		
Kontorer/garderobe	VVS installasjoner, inkl. nytt agregat	950 000
Garasje	Vann og avløp	100 000
	Sum VVS	1 050 000
Elkraft		
Kontorer/garderobe	Elkraft, tele/data	285 000
Garasje	Belysning, stikk	100 000
	Sum Elkraft	385 000
Entreprisekostnader		4 850 000
Generelle kostnader	Byggherrekostnader (prosjektleder)	350 000
	Utarbeiding av tilbodsgrunnlag	600 000
	Prosjektering/rammesøknad	300 000
	Sum Generelle kostnader	1 250 000
	Kalkyleusikkerhet 20% (av entreprisekostnader)	970 000
	Sum eks. MVA	7 070 000
	MVA 25%	1 767 500
	Sum inkl. MVA	8 837 500

Kontorer/garderobe

Bygningsmessige arbeider

1 *Riving av eksisterende kontorer/lager mellom akse 1 og 3*
2 *Riving av alt teknisk utstyr*
3 *Riving av vinduer og ytterdører*
4 *Fjerning av eksisterende gulv, graving, bortkjøring av masser*

5 *Støping av nytt gulv på grunn, inkl. isolering*
6 *Nye vinduer og ytterdører. Igjenbygging av dagens åpninger*
7 *Påforing av yttervegg - tilleggsisolering*
8 *Innervegger, himlinger, dører, glasspartier, tak over kontordel (isolert)*
9 *Gulvbelegg, maling*
10 *Kjøkkeninnredning*

Elektro

1 *Riving av eks. anlegg. Fjerning av belysning, stikk etc.*
2 *Fjerning av gammel tavle*

3 *Ny tavle*
4 *Ny inntakskabel?*
5 *Komplett belysning, stikk og panelovner*
6 *Komplett tele og data*

VVS

1 *Riving av evt. gammel rørleggerutstyr*
2 *Riving av evt. gammel ventilasjonsanlegg*

3 *Nye bunnledninger*
4 *Komplett rørleggerarbeider inkl. toalett, vasker, spylerenner og kjøkken*
5 *Varmtvannsberedere og rør i rør skap*
6 *Nytt ventilasjonsagregat, nye kanalføringer (agregat plasseres oppå kontordelen)*

Garasje

Bygningsmessige arbeider

1 *Fjerning av eksisterende gulv, graving, bortkjøring av masser*
2 *Nye utsparinger i yttervegg for garasjeporter*

2 *Støping av nytt gulv på grunn, inkl. isolering*
3 *Ny spiraltrapp til mesanin, stålplattform til lager*

Elektro

1 *Riving av eks. anlegg. Fjerning av belysning, stikk etc.*

2 *Komplett belysning, og stikk*

VVS

1 *Riving av evt. gammel rørleggerutstyr*
2 *Riving av evt. gammel ventilasjonsanlegg*

3 *Nye bunnledninger*
4 *Nye vannuttak/vask, sluk, spyleplass*

VEDLEGG (2)



Data fra Kartverket, Norge Digitalt og Nordhordland digitalt

REVISJON	ENDRINGEN GJELDER	DATO	NAVN

Modalen kommune

Modalen industribygg

Situasjonsplan_ Eksisterende og Ny

MÅLESTOKK	1:1000	PROSJEKT NR	TEGN NR	REVISJON
TEGNET AV	S.de L.	2429	1000	
KONTROLLERT	sba			
DATO	12.04.2019			
FILNAVN	sitplan.dwg			

ARKITEKTER MNAL

Forum Arkitekter AS Damsgårdsveien 16 5058 Bergen
Tlf.: 55 16 59 00 E-post.: info@forumarkitekter.no

FORUM ARKITEKTER



Nr	Beskrivelse	Dato	Av
	Revisjoner		

Modalen kommune
Modalen industribygg
Plan 1. etasje, brannstasjonen

1:100			
SN			
SN	2429	2001	
21.10.2016			

Arkitekter MNAL MFA - Landskapsarkitekter MNLA - Interiørarkitekter MIL
Forum Arkitekter AS Strandgaten 16 5013 Bergen
Tlf: 55 30 30 00 Fax: 55 32 62 00 Epost: bergen@forumarkitekter.no

FORUM ARKITEKTER



Nr	Beskrivelse	Dato	Av
	Revisjonar		

Modalen kommune
Modalen industribygg
Plan mezzanin, brannstasjonen

1 : 100	2429	2002
S.ml.		
S.R.		
11/2002		

FORUM ARKITEKTER

PDF-XCHANGE
Click to buy NOW!
www.docu-track.com

ANB - EL 4
13400 mm



Skisse - Øst-
1 : 100

ANB - EL 4
13400 mm

4
2003



Skisse - Sør
1 : 100

4
2003

ANB - EL 4
13400 mm



Snitt
1 : 100

4
2003



4
2003

Skisse - Nord
1 : 100

PDF-XCHANGE
Click to buy NOW!
www.docu-track.com



Nr	Beskrivelse	Dato	Av
	Revisjoner		

Modalen kommune

Modalen industribygg

Perspektiv

S.de L.	PROSJEKT NR	TEGN NR	REVISJON
S.B.	2429	2004	
11/23/18			

ARKITEKTER MNAL NPA - LANDSKAPSARKITEKTER MNLA - INTERIØRARKITEKTER NIL

Forum Arkitekter AS Damsgårdsveien 18 5008 Bergen
TLF.: 55 18 59 00 FAX.: 55 18 67 60 E-post: info@forumarkitekter.no

FORUM ARKITEKTER